



Ivar B. Arnesen blir trenar att for rosendal. (Foto: Grenda)

Neste laurdag, då Rosendal spelar heime mot Ny-Krohnborg, er den gamle måltjuven Ivar B. Arnesen trenar for laget. Uskedalingen har overteke trenaransvaret for fjerdedivisjonslaget melder Grenda. Sesongopninga har vore nærmast katastrofal.

Spelarane hadde eit sterkt ynskje om å få Arnesen som trenar sjølv om det var fleire kandidatar.

Han har spela på Vard i 1. divisjon og har passert 150 kampar for Rosendal. I 2005 og 2006 var han spelande trenar for Rosendal, men det er heller tvilsamt om han vil bli å finna som spelar framover. Målsetjinga er å berga plassen i avdelinga.